



IL Vetten og Sogn og Fjordane Orienteringskrins inviterer til:

O-Samling for Barn og Ungdom på Nordfjord Fritidssenter

Samlinga er for barn og ungdomar frå 8 til 18 år. Det blir delt inn i 2 grupper etter alder og erfaring. Vi ynskjer gjerne at vaksne er med dei yngste deltakarane.

Frammøtetidspunkt: Laurdag 27. april kl 16.00 (eller når KM mellom er ferdig)
Frammøtestad: Nordfjord Fritidssenter
Leiarar/instruktørar: Ivar Bergset, Elias Bergset, Sven Bergset Langvik
Overnatting: På Nordfjord Fritidssenter, der det er seng til alle. Du må ha med sengetøy eller sovepose.
Pris: O-gruppene blir fakturert for kr 400,- pr deltakar for overnatting og mat. Dette gjeld også for dei vaksne/medhjelparane. Deltakarane dekkjer reise til/frå samlinga sjølve.

Program - Laurdag 27. april:

Kl 12.00 **KM Mellom** ved Sagedammen/Ulvedal. **NB! Hugs å melde deg på løpet via laget ditt.**
Kl 16.00 (ca) Oppmøte/informasjon/Innkvartering. Inndeling i grupper.
Matøkt.
Kl 17.00 O-teknisk trening/Aktiviteter ved Elias og Sven)
Kl 19.00 og utover:

- Oppsummering av treningsøkta (v/instruktørane)
- Pizza til kvelds
- Sosialt samvær. Ha gjerne med kortspel eller brettspel.

Sundag 28. april:

Kl 08.00 Frukost, smøring av matpakke
Kl 09.30 Pakking og rydding.
Kl 10.00 Aktivitetsøkt i 2 grupper (Ved Elias og Sven)
Kl 12.30 Avreise til Krinsløp i Stryn (avslutning av samlinga)
Kl 14.00 **KM Sprint i Stryn** (Hugs å melde deg på)
Heimreise etter orienteringsløpet i Stryn.

Hugs å ta med:

Treningskle og konkurransekle, EMIT-brikke, kompass, regnkler og støvlar (tilpassa vêret), kortstokk eller andre spel, badetøy, handkle og toalettsaker. Hugs også sengetøy eller sovepose. Har du ikkje EMIT-brikke eller kompass, så gi melding ved påmeldinga, slik at vi kan låne deg ei brikke.

Kjem du med Buss? Gje beskjed så ordnar vi henting i Stryn.

NB! Påmelding til orienteringsløpa gjer du gjennom o-gruppa di i god tid før samlinga.

Påmelding til samlinga: **Seinast måndag 22. april kl 20.00** på Eventor.

Vel møtt til samling!

Med helsing,

Sogn og Fjordane Orienteringskrins
Johan Magerøy
Mobil 91 81 95 45

IL Vetten
Ivar Bergset
40401709